

## **Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om status for nynorsk ved skulestart**

Situasjonen for nynorsk i Vestland har vore diskutert ved fleire høve i ulike fylkeskommunale organ. Målbyte og manglande læremiddel på nynorsk har vore tema på møte i opplærings- og kompetanseutvalet. Som det største nynorskfylket i landet er det viktig at Vestland har ein aktiv politikk for å styrke nynorsken og legge til rette for eit levande nynorsk skriftspråk på ulike arenaer i samfunnet. Fylkestinget har tidlegare vist engasjement for nynorsk mellom anna gjennom etableringa av Nynorskfylket Vestland, eit nettverk som jobbar for auka bruk og fremjing av nynorsk på alle samfunnsområde i Vestland. Vestland fylkeskommune har i tillegg utvikla og tatt i bruk «Retningslinjer for klart språk og god nynorsk», ein praktisk språkrettleiar for dei tilsette.

Senterpartiet opplever at det er ei positiv haldning til nynorsk både i det politiske miljøet og i administrasjonen i Vestland fylkeskommunen. Dei svara som er blitt gitt på skriftlege spørsmål i saker som omhandlar nynorsk har vore positive, men spørsmålet er korleis me, både politikarar og administrasjon, følgjer dette opp. For Senterpartiet er det viktig at elevar og andre innbyggjarar i Vestland møter nynorsk i kvar dagssituasjonar, til dømes på skulen, i kollektivtrafikken og når dei nyttar seg av kulturtilbod. Me er òg opptekne av at tilsette i fylkeskommune skal få tilbod om opplæring i nynorsk.

Eg har difor desse spørsmåla til utvalsleiar:

1. Kva er status for læremiddel på nynorsk, både trykte og digitale, ved skulestart no i haust?
2. Er det gjort «framstøyt» overfor elevar og tilsette i skulen for å fremje bruk av nynorsk og unngå målbyte ved skulestart?
3. I kva grad vert nynorsk nytta ved dei vidaregåande skulane, spesielt i Stor-Bergen, til dømes på oppslagstavler og digitale skjermar?
4. På kva måte vert «Retningslinjer for klart språk og god nynorsk» nytta i fylkeskommunale verksemder utanfor fylkesadministrasjonen, til dømes dei vidaregåande skulane og Skyss?
5. Får tilsette i Vestland fylkeskommune tilbod om nynorsk-kurs?

Med utgangspunkt i spørsmåla over vil eg be om at det vert lagt fram ei politisk sak om overordna retningslinjer for språkbruk i Vestland fylkeskommune.

Bergen 24.08.2021

Alexander Fosse Andersen  
Vestland Senterparti